



PROTOKOLL

Årsmøte for Leikanger Båtlag

Stad: Leikanger Fjordhotell, måndag 10. mars 2025 kl. 19.30

1. Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjend

2. Godkjenning av sakliste

Saklista vart godkjend

3. Val av møteleiar og referent

Bjarne Sjøthun vart vald som møteleiar.

Svein Helge Steinsåker vart vald som referent.

4. Val av to til å skrive under møteprotokoll

Elin Falkgjerdet og Monica Wathne Tufte vart valde.

5. Årsmelding 2024

Årsmeldinga vart gjennomgått av Bjarne Sjøthun.

Årsmeldinga vart godkjend.

6. Rekneskap 2024

Kasserar Geir Morten Skorpen orienterte om rekneskapen.

Rekneskapen vart godkjend.

7. Medlemskontingent fastsetjing for året 2025

Det vart vedteke medlemskontingent på kr. 2.500 for heil plass.

8. Budsjett 2025

Kasserar Geir Morten Skorpen gjekk gjennom budsjettet.

Budsjettet vart godkjend.

9. Framlegg frå styret / innkomne saker

9.1 Framlegg om endring i tidsfrist, kapittel 4 § 9:

Det vart gjort følgjande samrøystes vedtak:

«Framlegg om endring av laget sine vedtekter, med styret si tilråding, må skriftleg gjerast kjent for medlemene seinast 2 veker før ordinært årsmøte» vert endra til:

«Framlegg om endring av laget sine vedtekter, med styret si tilråding, må skriftleg gjerast kjent for medlemene seinast 8 dagar før ordinært årsmøte.

9.2 Pris / satsar for kraning

Det vart gjort samrøystes vedtak om at styret handsamar saka vidare.

9.3 Bruk av opplagsområdet vest for vestre hamn

Det vart gjort følgjande samrøystes vedtak om ny paragraf i vedtektene:

Kapittel 9 Opplagsplass § 25

Hamnenemnda har ansvaret for den daglege drifta av båthamna, og ved båtopplag og lagring av større båthengarar kan hamnenemnda bistå med tilvising av plassering i opplagsområdet for å sikre tilkomst og arealutnytting.

Opplagsplass er i hovudsak avsett til vinteropplag. Båtar som ikkje er sjødyktige og der det ikkje er planlagt ombygging, reparasjon eller anna vedlikehald skal ikkje plasserast på opplagsplass.

Dersom det er planlagt ombygging / reparasjon av båt skal plan for utføring av arbeid leggjast fram for styret innan 6 månader. Båteigar får deretter 2 år på å ferdigstille båten. Dersom ikkje anna er avtalt med styret skal båten etter 2 år fjernast frå hamna. Om dette ikkje vert gjort vert båten fjerna på eigars rekning.

9.4 Framlegg om endring av kapittel 7 § 19 (utleige)

Det vart gjort vedtak om vidareføring av dagens ordning med makspris på utleige.

Utleigepreis vert for 2025 sett til maksimalt kr. 1.600 pr. breiddemeter pr. år. Personar som leiger plass skal betale halv årskontingent, jf. vedtekter § 5.

9.4 Framlegg om endring av kapittel 7 § 18 (sal)

Det vart gjort følgjande samrøystes vedtak om endring i § 18:

«Alle andre overdragingar skal godkjennast skriftleg av styret. Medlemer som eig båtplass og som ønskjer å byte denne har førerett til ledige plassar. Deretter har medlemer utan eigen båtplass førerett til ledige plassar.

Føreretten til ledige plassar gjeld i den rekkefylgja medlemene er innmelde i laget. Tidspunktet for første gongs betaling av kontingent er i tvilstilfelle det avgjerande tidspunktet.

Dersom førstemann på lista ikkje tek i mot tilbod om kjøp, vert vedkomande plassert bakerst på ventelista.»

Vert endra til:

«Alle andre overdragingar skal godkjennast skriftleg av styret. Medlemer som eig båtplass og som ønskjer å byte denne har førerett til ledige plassar. Deretter har medlemer utan eigen båtplass førerett til ledige plassar.

Føreretten til ledige plassar gjeld i den rekkefylgja medlemene er innmelde i laget. Tidspunktet for første gongs betaling av kontingent er det avgjerande tidspunktet».

Medlemar som ynskjer å kjøpe eller oppgradere båtplass sender e-post til leikangerbaatlag@live.no når båtplassar vert lagt ut for sal.

10. Eventuelt skipe eller legge ned faste nemnder.

Aktivitetsnemnda vert lagt ned og oppgåvene vert fulgt opp av styret.
Samrøytes vedteke.

11. Val av styre

Samrøystes vedtak om at styre og nemnder får følgjande samansetting, i samsvar med valnemnda sitt framlegg:

Styremedlem	Bjarne A. Sjøthun	Tek attval	(På val 2027)
Styremedlem	Arne Egil Husabø	Ikkje på val	(På val 2026)
Styremedlem	Jan Atle Woll	Tek attval	(På val 2027)
Styremedlem	Svein Helge Steinsåker	Tek attval	(På val 2027)
Styremedlem	Geir Morten Skorpen	Ikkje på val	(På val 2026)
Varamedlem	Robert Padlesak	Ikkje på val	(På val 2026)
Varamedlem	Elin Falkgjerdet	Ny	(På val 2027)
Revisorar	Jon Erling Oppedal	Ikkje på val	(På val 2026)
	Torbjørn Hasund	<i>Tek attval</i>	(På val 2027)
Hamnekomité	Anders Borlaug (leiar)	<i>Tek attval</i>	(På val 2027)
	Ronny Ertslund (nestleiar)	Tek attval	(På val 2027)
	Johnny Jakobsen	Ikkje på val	(På val 2026)
Aktivitetsnemnd	Lagt til styret		
Valnemnd	Kjell-Arne Valvik	Tek attval	(På val 2026)
	Vidar Trettenes	Tek attval	(På val 2026)
	Ole Simen Nesdal	<i>Ikkje på val</i>	(På val 2027)

Svein Helge Steinsåker/referent

Bjarne Sjøthun/leiar

Attestasjon:

Godkjent pr. e-post av Elin Falkgjerdet og Monica Wathne Tufte